



Marit Langballe saman med Gunnlaug Eik og Inger Naterstad studerer nasjonalplanten på Kanariøyane, Kanarivortemjolk.

Den sørlege delen av Gran Canaria er eit populært reisemål for mange kvinnheringar. På turen vår til område kring Arguineguin/ Puerto Rico møter vi uskedelingar som bur deler av året på Gran Canaria, øya som har eit stabilt og varmt klima heile året. Straks vi er på plass, vert vi oppringt av Marit Langballe. Ho inviterer til fottur frå fjellandsbyen Tasarte til Mogan, ein tur på 17 km med innlagt stopp og lunsj i Veneguera. Skritteljaren syner heile 23000 steg og høgdeprofilen varierer frå 660 til 250 moh.



[Vi snakkar om Mannen med ljåen, men her møter vi Mannen med staven.](#)

Turen går med bil til Mogan, ikkje hamnebyen Puerto Mogan som mange kjenner, men den opphavlege byen Mogan som ligg 10 km lenger inne i landet, vidare med buss til Tasarte. Inger Naterstad er gjest hos Marit denne veka og ho er sjølvsgt med på turen. På bussen møter vi Mette Guddal frå Dimmeslvik. Ho er med i eit organisert turfylgje og skal gå ein variasjon av den same turen. Marit Langballe kjenner landskapet og floraen og er ein god guide. Den store brannen på øya i 2007 er enno godt synleg med nedbrende hus og forkola trerestar. Brannen var faktisk påsett av ein brannmann. Landskapet er ope og fråflytta tun med terrasseåkrar syner godt korleis levemåten var før.



Marit Langballe kjenner folket og landskapet. Her møter ho ein plantasjearbeidar som dyrkar sitroner, appelsiner, bananer, tomater og papaya.

Med mykje turke treng ein vatning. Gamle og nyare vassamlingstankar syner korleis ein prøver å halda liv i fruktplantasjane. Plantelivet er rikt, alt frå agave, palmer, kaktus, planten kanarivortemjølke til planten som er råstoffet for ulike produkt av Aloe Vera. Aloe Vera er ein sukkulent. Ein sukkulent er ein plante som syg opp vatn og lagrar det til turre tider. Av frukt ser vi dyrking av sitroner, tomater, appelsiner, bananer og papaya.





Det turre klima gir gode voksterkår for den velsmakande banana frå Gran Canaria.

Uskedalen.no er takksam og godt nøgd med å få vera med på ein lærerik tur i eit landskap med eit planteliv vi visste lite om frå før.

I neste og siste reisebrev møter vi Arne O. Øystese, tidlegare sjømannsprest og sokneprest i Sauda, no pensjonist, men med oppdrag for sjømannskyrkja i Arguineguin. Øystese er ein velkjend prest for mange i Uskedalen.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Fråflytta tun etter den store brannen på øya i 2007. Her har vore dyrking i eit typisk terraslandskap.